

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 30.01.2023

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk

Tid: Måndag 30.01.2023
Møtestad: Gloppen Hotell, Sandane

Til stades: Sven Flo, Espen Sortevik, Gunnvor Sunde, Siri Sandvik og Jan Henrik Nygård

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk

SAK 01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 02/23 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 07.11.22 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 30.01.2023

SAK 03/23 PERIODEREKNESKAP PR. 31. DESEMBER 2022

Resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 491.604,- mot budsjett kr. 814.483,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 75.805,- mot budsjett på kr. 415.404,-

Kommentarar:

- bokført driftsresultat er kr. 322.834,- dårlegare enn budsjett
- bokført resultat etter finans er kr. 339.600,- dårlegare enn budsjett
- inntekter på abonnementsgebyr både på husholdning og næring er i samsvar med faktisk fakturert fyrste halvår

Avvik i resultat mot budsjett:

4,56 mill. / 6,5 %	auka samla inntekter (gebyr og varesal)
- 0,12 mill. / - 2,4 %	reduerte driftskostnader hovudanlegg
3,17 mill. / 12,3 %	auka kostnader behaldarrenovasjon
0,40 mill. / 5,6 %	auka kostnader slamordning
- 1,63 mill. / - 15,7 %	reduerte kostnader drift gjenbruksstasjonar *)
3,60 mill. / 7,6 %	auka kostnader administrasjon (løn, avskrivning, andre dr. utg.)

NoMil er grunna auka omsetjing, fleire tilsette og auka balanseverdi ikkje lenger klassifisert som eit lite føretak. Dette får mellom anna konsekvensar for bokføring av pensjonsforpliktingar og utarbeiding av rekneskap og årsmelding.

Det vart presisert at perioderapporten er å forstå som førebels resultat for driftsåret 2022, og vil kunne avvike vesentleg mot endeleg årsresultat.

Utfyllande informasjon vart gjeve i styremøtet.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 31. desember 2022 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 04/23 EIGARSKAP I RETURA NOMIL AS (unn.off. §§14 og 15)

SAK 05/23 SLAMORDNING FRÅ 2024 (unn.off. §§14 og 15)

SAK 06/23 NYE PRISAR OG RABATTAR PÅ AVFALL 2023 (unn.off. §§14 og 15)

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 30.01.2023

SAK 07/23 BIOGASS

BAKGRUNN

Viser til vedtak i styresak 29/21 og etterfølgjande orienteringssaker.

1. Styret tek prosjektrapporten «NOMIL biogass – kortreist og framtidretta» til orientering. Rapporten blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med saka.
2. Basert på rapporten sine konklusjonar, får administrasjonen fullmakt til å:
 - a. Avklare med Sunnfjord Miljøverk og SIMAS om dei ønskjer å delta i arbeidet for etablering av eit biogassanlegg i regionen «Sogn og Fjordane», lokalisert til Byrkjelo
 - b. Avklare om dei ønskjer ei aktiv rolle på eigarsida, eller ei rolle som råvareleverandør
3. Når evt. samarbeid med Sunnfjord Miljøverk og SIMAS er avklart, tek styret stilling til vegen vidare for prosjektet.

Som vedteke i sak 29/21 er Sunnfjord Miljøverk og SIMAS invitert til å delta i prosjektet. SIMAS har eigne prosjekt og ynskjer ikkje å delta. Styret i Sunnfjord Miljøverk er positive til å delta i prosjektet, i fyrste omgang som deltakarar i prosjektgruppa. Som grunnlag for vurderingar knytt til framtidig engasjement/eigarskap i prosjektet, ynskjer dei ein plan for organisering, storleik på anlegg og økonomi i prosjektet.

SAKSUTGREIING

Status råvaretilgang

NoMil har inngått intensjonsavtaler med landbruket på over 60.000 tonn husdyrgjødsel. I tillegg til våtorganisk hushaldningsavfall frå Sunnfjord Miljøverk, er vi i dialog med Nortura i Førde og Nordfjord Kjøtt i Loen om mottak av slakteavfall.

Måløy Vekst/Havregion Fjordane ser at eit samarbeid med biogassanlegg kan vere aktuelt for å få avsetning på slam, død fisk og slakteavfall frå landbasert havbruk knytt til settefisk- og matfiskanlegg for torsk og laks, lukka sjøanlegg og slakteri.

Status industriareal

Gloppen kommunen skal i forhandlingar med Statsforvaltar med mål om godkjenning av næringsarealet på Teita i løpet av fyrste halvår 2023.

Status eigarskap

Eit fullskala biogassanlegg på Byrkjelo vil truleg koste over 300 millionar kroner eks. mva. NoMil har ikkje finansielle musklar til å utvikle eit slikt prosjekt i eigen regi.

For å få realisert eit prosjekt i denne storleik, er det avgjerande å få med ein eller fleire industrielle aktørar med risikokapital og rett kompetanse.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 30.01.2023

NoMil er i dialog med Sogn og Fjordane Energi (SFE) for å avklare ein modell for eigarskap i tråd med EØS-regelverk om offentleg/privat eigarskap, einerett og lovverk knytt til offentleg innkjøp.

NoMil og SFE har vurdert ulike måtar å organisere/eige prosjektet på. Det mest aktuelle alternativ pr. no er at NoMil etablerer eit forprosessanlegg som sel ferdig reinsa og hygienisert (varmebehandla) våtorganisk avfall til biogassproduksjon, som kan drivast etter sjølvkostprinsipp som ei avdeling i NoMil. SFE etablere eit gassproduksjonsanlegg og inngår avtaler med landbruk, oppdrettsnæring og behandlingsanlegg for våtorganisk avfall til produksjon og omsetjing av biogass.

NoMil fått tilsegn på inntil kr. 400.000,- frå Vestland fylkeskommune i prosjektmidlar til vidare arbeidet rundt etablering av ein industriell grøn hub på Teita. Prosjektet skal avklare moglege samarbeidsområde/industriell symbiose med anna grøn næringsverksemd.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Administrerende direktør får i oppdrag å vurdere framtidig eigarmodell for nytt biogassanlegg i regionen, samt legge fram driftsmessige og økonomiske vurderingar til styret for endeleg handsaming.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 08/23 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale

- Samla sjukefråværet for driftsåret 2022 vart på 3,76 %
 - 11,2 % korttidsfråvær 1-3 dagar
 - 11,7 % legemeldt fråvær 4-16 dagar
 - 77,1 % legemeldt langtidsfråvær over 16 dagar

Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefråvær i 4 kvartal.

- Vedlegg: Fråværsstatistikk pr 31/12 22

Status drift

- Drifta på hovudanlegget, mengde avfall og aktivitet på gjenbruksstasjonane i 4. kvartal var normalt i forhold til tidlegare år
- Normal drift i renovasjonsavdelingane på Nordfjordeid og i Florø

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 30.01.2023

Kundetilfredsheit undersøking hausten 2022

- Det er gjennomført 1750 intervju i våre eigarkommunar i november 2022. Konklusjon, utdrag frå innleiing:
«NoMil har gjort det bra i sum og ekstra bra i enkelte av kommunane. Kinn skil seg ut med lågare resultat på fleire spørsmål, men til tross for det gjer NoMil det jamn over godt i forhold til benchmarken for Noreg. Ein kan vere godt nøgd med desse resultatata samla sett.»

Gjennomgang av rapporten i møte.

- Vedlegg: Kundeundersøking 2022

Oppgradering av Vedvik gjenbruksstasjon

- Kinn kommune har vedteke å ikkje finansiere opprusting av stasjonen i 2023.

Renovasjonsordning i Kinn sør

- Tilbakemelding om gjeldande renovasjonsordning med innspel om endring frå administrasjonen i Kinn kommune

Ombrukstorg/gjenbruksbutikker

- Arbeidet med å få etablert ordningar i alle kommunane er i gang. I fyrste runde er planen å kome i gang i Gloppen, Stryn og Kinn kommune. Vi har so lang fått gjennomført møter med Gloppen og Kinn, som begge er svært positive til initiativet. Planen er no å få kontakt med aktuelle drivarar, finne egna lokal, og legge til rette for oppstart, organisering, opplæring, facebook og evt nettside.

Årsplan og mål for drifta 2023

- Drøfting knytt til framtidige ordningar, avfallshandtering, strategiske mål og økonomi
 - Vedlegg: Prosjektskisse
 - Prioriterte prosjekt 1. halvår:
 - Avklare eigarskap i Retura NoMil
 - Biogass i regionen
 - Slam i eigenregi
 - Ombruk / brukt butikkar
 - Andre prosjekt:
 - Oppstart etablering nytt arkivsystem
 - Oppstart ny bedriftshelseteneste og avvikssystem
 - Elektronisk betalingssystem på gjenbruksstasjonar og system farleg avfall/deklarering

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 30.01.2023

- Miljøtiltak drift:
 - *Vurdere å bli miljøsertifisert / Miljøfyrtårn*
- Økonomi og personale
 - *Ikkje behov for tiltak*
-
- Samarbeid med dei andre renovasjonsselskapa i regionen
 - *Viktig med samarbeid mellom anna når det gjeld biogassanlegg og å etablere miljøretta og effektive avfallsløysingar i regionen*
 - *Positive til styremøte og etterfølgjande fellesmøte med styra i SUM og SIMAS på Skei 17. mars 2023*

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--